



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2823 - 23/45064

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
08.06.2023

Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 351/1 Landsvik

Tiltak: Dispensasjon - veg
Byggjestad: Gbnr: 351/1
Tiltakshavar: Hege Landsvik
Ansvarleg søkjar: Gripsgård Bygg AS

Vi stadfestar å ha mottatt dykkar rettidige klage på dispensasjon for etablering av køyreveg - gbnr 351/1 Landsvik

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 07.06.2023. Når protokoll frå møtet er ferdigstilt, så vert klagesaka følgt opp med utsending av vedtak.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak fatta av Utval for areal, plan og miljø med saknr. 023/23, datert 08.02.2023. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta av av Utval for areal, plan og miljø, er det gitt dispensasjon og løyve for etablering av køyreveg.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon og løyve for etablering av køyreveg inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å etablere

tiltaket før klagen på vedtaket om dispensasjon er endeleg avgjort, då ei eventuell omgjerding av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert etablert køyreveg på feil grunnlag. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon og løyve for etablering av køyreveg.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arnt Landsvik	Strandgaten 234	5004	BERGEN
Arnt Landsvik	Strandgaten 234	5004	BERGEN
Gripsgård Bygg AS	Roslandsvegen 364A	5918	FREKHAUG
Gripsgård Bygg AS	Roslandsvegen 364A	5918	FREKHAUG
Hege Landsvik	ØVRE LYNGBØ 35	5164	LAKSEVÅG
Hege Landsvik	ØVRE LYNGBØ 35	5164	LAKSEVÅG

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------